



Osland Havbruk AS

Vestland fylkeskommune

Saksbehandlar, innvalstelefon

Einar Nesse Johnsen, 5764 3132

## Løyve til utslepp frå Osland Havbruk AS på lokaliteten 26435 Mjølsvik i Høyanger kommune

---

### **Osland havbruk AS får løyve til utslepp for produksjon av 4680 tonn MTB matfisk av laks og aure på lokaliteten Mjølsvik i Høyanger kommune. Utsleppsløyvet er gitt i medhald av forureiningslova § 11, jf. § 16**

---

Vi viser til søknad frå Osland Havbruk AS, oversendt frå Vestland fylkeskommune 31.01.2020 og komplettert med rapport om miljøovervaking (C-gransking) 19.06.2019.

Fylkesmannen i Vestland gir med dette løyve på visse vilkår. Løyvet med tilhøyrande vilkår er lagt ved dette brevet. Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16.

Løyvet er ikkje gyldig før Vestland fylkeskommune har gitt løyve etter akvakulturlova.

Fylkesmannen har lagt vekt på ulempene ved tiltaket og samanhalde desse med dei andre fordelar og ulemper tiltaket vil medføre. Ved fastsetjinga av vilkåra har Fylkesmannen også lagt til grunn kva verksemda kan oppnå med bruk av beste tilgjengelege teknikkar.

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er antatt å ha størst påverknad på miljøet, har vi uttrykkeleg regulert gjennom spesifikke vilkår i løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er omfatta av løyvet i den grad opplysningar om slike utslepp vart framlagt i høve sakshandsaminga eller på annan måte må reknast å ha vore kjent då vedtaket blei gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte stoff som står nemnd i forureiningsforskrifta kapittel 26, vedlegg 1. For verksemder som nyttar slike stoff som innsatsstoff, eller der slike stoff vert danna under produksjonen, er utslepp av stoffa berre omfatta av løyvet dersom dette går uttrykkeleg fram av vilkåra i løyvet.

Vi understrekar at all forureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Sjølv om utsleppa er innanfor dei fastsette utsleppsgrensene, pliktar verksemda å redusere utsleppa så langt dette er mogeleg utan urimelege kostnader. Det same gjeld utslepp av komponentar det ikkje uttrykkeleg er satt grenser for gjennom særskilte vilkår.



Dette løyvet kan seinare endrast i medhald av forureiningslova § 18.

At det er gitt løyve til forureining, fritek ikkje frå erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som skuldast forureininga, jf. forureiningslova § 56.

I tillegg til dei krav som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova og produktkontrolllova, og dei forskriftene som er heimla i desse lovene. Enkelte av forskriftene er nemnd i løyvet. Vi viser til [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no) for informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda.

Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova og produktkontrolllova, og forskrifter fastsett i medhald av desse lovene, er straffbart.

## Vurdering

Fylkesmannen har handsama søknaden etter forureiningslova og vurdert han etter naturvern-, friluftsliv-, vilt-, lakse- og innlandsfiskeinteresser, og naturmangfaldlova.

### *Tidlegare drift*

Fylkesmannen gav i 2006 utsleppsløyve til Osland havbruk AS for etablering av eit nytt oppdrettsanlegg for laks og aure på lokaliteten Mjølsvik med produksjon på totalt 2 405 tonn MTB. Løyvet blei oppdatert i 2012 samtidig med søknad om utviding av areal og biomasse til 3 120 tonn MTB. Det blei i 2018 godkjent tilleggsdrift at tareanlegg ved lokaliteten med maksimal årleg produksjon på 100 tonn våtvekt.

### *Søknaden*

Søknaden gjeld utviding av biomassetak frå 3 120 tonn MTB til 4 680 tonn MTB på lokalitet Mjølsvik i Høyanger kommune. Lokaliteten skal framleis produsere matfisk av laks og makroalgar (tare). Det er ikkje søkt om auke i arealbruk eller endring av anleggskonfigurasjon. Verksemda treng ikkje skriftleg løyve til produksjon av tare på lokaliteten ettersom produksjonsmengda er under 150 tonn/år.

### *Kommunal handsaming*

Høyanger kommune har ved dags dato ikkje sendt inn uttale til søknaden. Vi har ikkje fått melding om at søknaden har vore lagt ut til offentleg høyring.

### *Vilt, laksefisk/innlandsfisk, naturvern og friluftsliv*

Frå Fylkesmannen si fråsegn i 2006 blir det vurdert at etablering av anlegget på lokaliteten Mjølsvik vil vere i miljøkonflikt med vill anadrom laksefisk. Tilhøve til anadrom fisk blei igjen vurdert i 2012, og konklusjonen var at om ikkje tilstrekkelege vilkår for ivaretaking av vill anadrom fisk blei ivarettatt, ville oppskalering av biomasse i Sognefjorden samla sett få store negative konsekvensar for vill laks og sjøaure.

Lokaliteten Mjølsvik ligg i produksjonsområde 4 – Nordhordland til Stad, som i trafikklyssystemet for vidare vekst i akvakulturproduksjonen har raud farge. Det inneber at produksjonskapasiteten av laksefisk skal reduserast i dette området av omsyn til vill anadrom fisk.



Det er viktig at verksemda prioriterer effektive tiltak mot lakselus og rømming. Viltinteresser er omtalt under punkt 2.6 i utsléppsløyyvet. Tilhøvet til vill anadrom fisk er nærare omtalt mot slutten i brevet under vurdering av naturmangfald.

### *Sjøområdet som resipient*

Lokaliteten Mjølsvik ligg i den beskytta kyst/fjord-vassførekomst Sognefjorden (ID-nr 0280020100-C i Vann-nett<sup>1</sup>). Det er ein svært stor vassførekomst som har ein god økologisk tilstand i dag. Kjemisk tilstand er vurdert til god, men det er registrert høge verdiar av kvikksølv somme plassar i sedimentet. Sognefjorden blir påverka av luftboren forureining frå land, avrenning frå skytefelt, industri, busetnad og akvakultur, samt punktutslépp frå kommunale reinseanlegg. Påverkningsgraden er vurdert til liten. Lokaliteten ligg om lag fem kilometer utanfor grensa for nasjonal laksefjord.

Lokaliteten Mjølsvik ligg vest for Ortnevik på sørsida av Sognefjorden i Høyanger kommune. Vika har ingen terskel ut mot Sognefjorden. Multistrålekart vedlagt søknaden syner at botnen skrånar bratt ned mot djupet i Sognefjorden, og er i hovudsak dominert av kupert fjell/hard botn. Anlegget består av to samankopla rammeverk, som er delt av ein kanal i midten av vika. Kwart rammeverk dekker eit areal på 320x160 meter. Mellom rammeverka mot land ligg eit anlegg for tareproduksjon.

Miljøtilhøva på lokaliteten er undersøkt og effekten av utslépp frå anlegget er kartlagt over fleire utsett. B-granskingar syner tilstrekkeleg restitusjonsegenskapar under anlegget. Det er gjort tre C-granskingar på lokaliteten; 2012, 2017 og 2018, og fleire straummålingar på ulike geografiske punkt og djupner. Vanskelege forhold for prøvetaking med grabb er eit gjentakande problem på denne lokaliteten.

Det er lagt ved ein rapport<sup>2</sup> i søknaden med miljøgransking av overgangssona (C-gransking). Det blei teke prøvar på 3 stasjonar, men berre to grabbprøvar kunne samlast inn på grunn av mangel på blautbotn. Ein grabbprøve blei teke mellom anlegga og den andre nærare land. Det blei teke hydrografi- og sedimentanalysar ved stasjonen mellom anlegga. Resultata syner 75% oksygenmetting ved botnen på 300 m djup, som svarar til tilstandsklasse 1 – svært god. Sedimentprøvane bestod av sand og grus. Partiklane i sedimentet frå overgangssona gir inntrykk av ein botn med tilstrekkeleg vassutskifting. Det blei ikkje registrert høge verdiar av sink og kopar.

Det er lagt ved to straummålingar i søknaden. Målingsstasjonane vart plassert i kvart anlegg, ei på vestleg side og ei på austleg side av Mjølsvika. Rapport<sup>3</sup> frå straummåling utført i juni og august på vestleg side og rapport<sup>4</sup> frå straummåling utført i august og september på austleg side syner at hovudretninga til vasstransporten følger land. Nettotransporten i begge prøvepunktene går mot sør, og har få periodar med straumstille tilhøve. Det er valt djupner på 42 og 120 meter, som i begge tilfelle er djup for spreingsstraum. Det er ikkje vedlagt måling av botnstraum i søknaden. Gjennomsnitt straumstyrke kan klassifiserast som middels sterk – svak.

Det er gjennomført fleire miljøundersøkingar på lokaliteten over ein relativt lang periode. Fleire av undersøkingane er mangelfulle då det er utfordrande å ta tilstrekkeleg gode grabbprøver på den harde fjellbotnen. Samla syner rapportane i hovudsak at lokalitetane har tilstrekkeleg god tilstand. Dei gjev eit inntrykk av at lokaliteten er straumsvak, men med god oksygenmetting og grei evne til

---

<sup>1</sup> <https://vann-nett.no/portal/#/waterbody/0280020100-1-C>

<sup>2</sup> Fishguard Miljø avd. Bergen. *C-undersøkelse ved lokalitet Mjølsvik, Høyanger kommune juni 2017*. Rapport nr. 1-2018

<sup>3</sup> SubAquaTech. *Straummåling ved Mjølsvik Vest jun-aug 2017*. Prosjektnr. STRAUM0126 (2017)

<sup>4</sup> SubAquaTech. *Straummåling ved Mjølsvik Aust aug-sep 2017*. Prosjektnr. STRAUM0129 (2017)



restitusjon i brakkleggingsperiodane. Det er ikkje gjort målingar som syner uakseptable nivå av tungmetall i sedimentet i overgangssona eller unormale forhold for botndyr.

Resipienten vil truleg takle ei auking av biomassetaket med 1560 tonn MTB på lokaliteten. På grunn av utfordringar med prøvetaking med grabb, kan det bli stilt krav om tilpassa miljøgranskingar på lokaliteten.

### *Støy*

Utslepp av støy er regulert gjennom grenser sett i forureiningsforskrifta, jf. vilkår i utsleppsløyvet. Utslepp av støy frå oppdrettsanlegg er ofte kjelde til at naboar til anlegget klagar til Fylkesmannen. Avstand frå flåte til nærast bustad/fritidsbustad er ca. 700 meter. Avhengig av støyutsleppet frå flåten og meteorologiske tilhøve tilseier vår erfaring at naboar vil kunne bli plaga av støy. Ein auke i biomasse vil føre til høgare energiforbruk og meir aktiv bruk av fôringssystemet. Dette kan auke støynivået på lokaliteten. Det er viktig at verksemda nyttar beste tilgjengelege teknologi for å redusere støyutsleppa.

### *Utslepp av kjemikal*

Utsleppsløyvet frå Fylkesmannen blir gjeve for eit produksjonsvolum og miljøverknadene av utslepp av organisk materiale blir følgt opp med miljøgranskingar etter NS9410:2016. I nyare tid har det kome fram at oppdrettsnæringa har hatt ei sterk auke i forbruket av kjemikal knytt til avlusing og notimpregnering. Vi manglar kunnskap om korleis ein del av desse stoffa verkar på miljøet. Vi viser her til forureiningslova § 7 og internkontrollforskrifta § 5 punkt 6. Av desse følgjer det at alle utslepp skal risikovurderast, og mogleg konsekvens av utsleppa skal vurderast og dokumenterast.

### *Koparforureining på lokaliteten*

Oppkonsentrering av kopar i sedimentet kan påverke botnfaunaen negativt og medføre ein fare for at den naturlege nedbrytinga av dei organiske utsleppa frå anlegget vert redusert eller stoppar opp. Fylkesmannen i Vestland har registrert at koparnivået i sedimentet rundt akvakulturanlegg ofte aukar gradvis. For å forhindre koparforureining i resipienten blir det stilt ny krav til overvaking av koparutslepp i det nye løyvet.

### *Utslepp av plast*

Eit oppdrettsanlegg er laga av plast, og slitasje vil medføre tilførsel av mikroplast til det marine miljøet. All aktivitet og produksjonsutstyr skal risikovurderast med omsyn til utslepp av mikroplast og plastforsøpling. Basert på risikovurderinga skal oppdrettar utarbeide tiltaksplanar og rutinar som skal redusere dette. Oppdrettar må nytte beste tilgjengelege teknikkar for å redusere utsleppa av plast og mikroplast.



## Naturmangfald

Dei miljørettslege prinsippa (§§ 8-12) etter naturmangfaldlova skal vere retningsgjevande for all offentleg utøving av mynde som vedkjem naturmangfaldet. Det er eit krav at vurderingar av prinsippa skal gå fram av vedtaket. Fråsegna frå Fylkesmannen er ikkje eit vedtak, men skal gje fagleg saksopplysning til Vestland fylkeskommunes avgjerd etter akvakulturregelverket.

Fylkesmannen skal vurdere om tiltaket får konsekvensar for naturmiljø og friluftsliv. Vi vurderer tiltaket etter lakse- og innlandsfisklova, og vi legg vekt på prinsipp og føringar frå naturmangfaldlova, vassforskrifta og laksetildelingsforskrifta § 30. Miljøverknader direkte knytt til utsleppa frå omsøkt produksjon er omtalt og vurdert i utsleppsløynet og oversendingsbrevet for dette.

Osland Havbruk AS pliktar å ta i bruk miljøforvarlege teknikkar og driftsmetodar (naturmangfaldlova § 12) som er tilgjengelege for næringa i dag (BAT).

### *Vill laks og sjøaure*

Fylkesmannen har som oppgåve å vurdere den samla belastninga på fjordsystemet i Sognefjorden, og vurdere kva påverknad tiltaka har på habitatet og den økologiske funksjonen i heile fjorden. Vi viser også til våre fråsegner frå 2006, 2012 og 2018 på denne lokaliteten. Kunnskapsgrunnlaget for påverknad på vill laks og sjøaure frå oppdrett er godt dokumentert og blir vurdert som tilstrekkeleg, jf. naturmangfaldlova § 8.

Sognefjorden er ein nasjonal laksefjord med fem nasjonale laksevassdrag som er gitt eit særskilt vern i lov om laksefisk og innlandsfisk § 7a første ledd: *«Når det treffes vedtak eller gjennomføres tiltak som kan påvirke laksens levestandard, skal de særskilte hensyn som følger av Stortingets vedtak om nasjonale laksevassdrag og nasjonale laksefjorder legges til grunn. I disse områdene skal laksen sikres en særlig beskyttelse mot skadelige inngrep.»*

Forvaltingsmålet for arter (§5) etter naturmangfaldlova er mellom anna å sikre det genetiske mangfaldet til artane på lang sikt. Rømt oppdrettlaks utgjer ein stor trussel for laksebestandar i fylke. I rapport<sup>5</sup> for overvaking av rømt oppdrettlaks i vassdrag i 2018 blei det rapportert innslag av oppdrettlaks i fleire elver i Sognefjorden. Det nasjonale laksevassdraget Vikja<sup>6</sup> i Vik kommune, som ligg ca. 31 km aust for lokaliteten, hadde innslag av 6,6 % oppdrettlaks. Daleelva i Høyanger, som ligg 13 km frå lokaliteten på nordsida av fjorden, hadde innslag av 5,2 % oppdrettlaks i 2018. Elvene har laksebestandar som er vurdert til å ha svært dårleg genetisk integritet. I tillegg er det fleire lakseførande strekningar innanfor 20 km radius frå lokaliteten som har innslag av oppdrettlaks. Talet på oppdrettlaks i vassdrag i Sogn er forventa å auke på grunn av fleire store rømmingstilfelle i 2018 og 2019. Ei auke av biomasse på lokaliteten vil føre til at sjansen for rømming aukar og at talet på rømt fisk ved ei eventuell hending kan vera høgare.

Kunnskapen vi har om påverknad frå fiskeoppdrett på ville bestandar tilseier at det er ein direkte samanheng mellom tal vertar i fjorden og tal parasittar som kan infisere dei ville vertedyra. Auke i biomasse av oppdrettsfisk på denne lokaliteten vil ha auka negativ påverknad på vill anadrom fisk i Sognefjorden. Det har vore høgt smittepress frå lakselus i Sogn over lang tid. Lokaliteten Mjølsvik har sjølv ved fleire høve hatt for høge tal av lakselus i merdane sine dei siste åra. Dette er ein trend fleire av nabolokalitetane også viser.

<sup>5</sup> Aronsen, T mfl. *Rømt oppdrettlaks i vassdrag i 2018*. Fisken og havet (2019)

<sup>6</sup> [https://lakseregisteret.fylkesmannen.no/visElv.aspx?vassdrag=Vikja%20\(Viksvassdraget\)&id=070.Z](https://lakseregisteret.fylkesmannen.no/visElv.aspx?vassdrag=Vikja%20(Viksvassdraget)&id=070.Z)



Det høge smittepresset frå lakselus påverkar dei ville laksestammene i Sognefjorden negativt. Utvandrande laksesmolt blir smitta av lakselus frå oppdrettsanlegg. Lokalitetane ligg i produksjonsområde 4 – Nordhordland til Stad, som i trafikklyssystemet for vidare vekst i akvakulturproduksjonen har raud farge pga. for stor lakselusbelastning på vill anadrom fisk. Vurdering utført av ei samansett nasjonal ekspertgruppe fastslår at området Nordhordland til Stadt har høg lakseindusert villfiskdødelegheit i 2019<sup>7</sup>. Det vil sei at lakselus allereie er vurdert til å drepe meir enn 30 % av utvandrande laksesmolt. Lokaliteten ligg ca. 5 km vest for grensa til den nasjonale laksefjorden. Det er sannsynleg at laks frå fleire lakseførande vassdrag vandrar forbi her. Frå trålefangst, utført i same undersøkinga, blei det funne mykje lus på laksesmolt i Sognefjorden. Analysane estimerte dødelegheita på smolten som høg. Så langt situasjonen med lakselus er som den er i dag, vil vidare utviding av biomasse i Sognefjorden i opne merdar ikkje vere anbefalt.

Sjøaure er generelt meir utsett for lusesmitte enn laksesmolt. Store mengder lakselus er dødeleg, og har ein bestandsreduserande effekt på sjøaure. Det er i undersøking frå 2019, referert til tidlegare i teksten, estimert høg dødelegheit for sjøaure i Sognefjorden. Tiltaket det er søkt om vil få negativ verknad for sjøaurebestanden i fjorden.

Med dette kunnskapsgrunnlaget vil det på eit generelt grunnlag vere uheldig med ytterlegare utvidingar som kan føre til auka mengd lakselus og auka fare for rømming. Den samla belastninga på laks og sjøaure er no så stor at vi vurderer at ytterlegare utvidingar er i konflikt med naturmangfaldlova §10 om økosystemtilnærming og samla belastning. Vi meiner difor næringa må gjennomføre tiltak som reduserer lakselus og hindrar rømming, før det vil vere akseptabelt for vill laks og sjøaure å auke talet på oppdrettslaks i sjøen. Vi rår til at fylkeskommunen ser etter løysingar for å redusere mengda lakselus og rømming i fjorden. Ein god start er tilrettelegging for lukka/semilukka anlegg i fjordsystema i fylket.

### *Spesielle naturtypar og biologisk mangfald*

Vi har ikkje kjennskap til at det er registrert spesielle verdiar for det marine biologiske mangfaldet på eller ved lokaliteten Mjølsvik. Det vil likevel vere knytt miljøinteresser i større eller mindre grad til alt areal langs kysten og langs vatn og vassdrag, og det er summen av alle inngrep over tid i desse områda som reduserer området sin verdi for vilt og biologisk mangfald. Ei utviding av biomasse på lokaliteten vil truleg ikkje påverke eksisterande naturtypar eller biologisk mangfald i særleg grad.

### *Sjøfugl*

Det er observert sjøfugl av stor forvaltningsinteresse i Mjølsvik. Svartand (nær trua) og havelle (nær trua) var observert langs strendene i Mjølsvika i 2019. I utsleppsløyvet er det sett krav til førebygging mot viltskadar.

## **Konklusjon**

Fylkesmannen meiner at kunnskapsgrunnlaget er til stades til å kunne gje eit nytt utsleppsløyve for produksjon av 4680 tonn matfisk av laks og aure på lokaliteten Mjølsvik.

---

<sup>7</sup> [Vollset, K.W., Nilsen, F., Ellingsen, I., Finstad, B., Helgesen, K.O., Karlsen, Ø., Sandvik, A.D., Sægrov, H., Ugedal, Qviller, L., O., Dalvin, S. 2019. Vurdering av lakselusindusert villfiskdødelighet per produksjonsområde i 2019. Rapport fra ekspertgruppe for vurdering av lusepåvirkning.](#)



Osland Havbruk AS skal overvake miljøtilstanden med B- og C- granskingar etter frekvensar gitt i NS 9410:2016. På grunn av utfordringar med prøvetaking med grabb, kan det bli stilt krav om tilpassa miljøgranskingar på lokaliteten.

Osland havbruk AS skal ved neste C-gransking måle kopar på alle stasjonane i granskinga.

Verksemda kan bli pålagt å utføre meir omfattande overvaking, eller delta i dei undersøkingane som Fylkesmannen finn nødvendig for å kartleggje forureiningseffekten anlegget har på resipienten, jf. forureiningslova § 51.

Vår vurdering av søknaden etter naturmangfaldlova gjer at vi rår frå å auke biomassen av oppdrettslaks på lokaliteten. Å auke oppdrettsbiomassen i Sognefjorden vil føre til fleire rømmingar og auke lusepress på vill anadrom fisk i produksjonsområde 4, som allereie har raud farge.

### **Gebyr for sakshandsaming**

Fylkesmannen tar sakshandsamingsgebyr for arbeidet med løyve. Reglane om gebyrinnkrevjing er gjeve i forureiningsforskrifta kapittel 39. Vi har plassert verksemda under gebyrsats 6, jf. forureiningsforskrifta § 39-4 om arbeid med fastsetjing av nye og endring av løyve. Verksemda skal betale 33.300 kroner i gebyr for sakshandsaminga. Miljødirektoratet sender faktura.

Verksemda kan klage på vedtaket om gebyrsats til Miljødirektoratet innan 3 veker etter at dette brevet er motteke, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ei eventuell klage bør vere grunngjeven og skal sendast til Fylkesmannen i Vestland. Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at vedtaket blir utsett. Verksemda må derfor betale det fastsette gebyret. Om Miljødirektoratet imøtekjem klagen, vil det overskytande beløpet bli refundert.

### **Erstatningsansvar**

Utsleppsløyvet frittek ikkje verksemda for erstatningsansvar for forureiningsskade, jf. § 10 og kap. 8 i forureiningslova.

### **Klage**

Fylkesmannen si avgjerd kan bli klaga på til Miljødirektoratet av sakens parter eller andre med rettslege klageinteresse innan 3 veker frå underretning om Fylkesmannens vedtak er kome fram eller frå vedkommande fekk eller burde ha skaffa seg kjennskap til vedtaket. Klager som kjem inn etter denne fristen kan ikkje påreknast å bli handsama, jf. forvaltningslova § 31. Ein eventuell klage skal opplyse om kva klagen gjeld og kva de ønsker å endre. Klagen skal grunngjevast. Andre opplysningar av betydning for saken bør nemnast. Klagen skal sendast til Fylkesmannen.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Fylkesmannen eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eige tiltak avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Avgjerda av spørsmålet om gjennomføring kan ikkje klagast på.

Partane har innanfor visse rammer rett til å sjå dokumenta i saka. Ta kontakt med Fylkesmannen for fleire opplysningar om dette. Fylkesmannen kan på førespurnad også gi fleire opplysningar om reglar for saksbehandling og andre reglar av betydning for saka.

Vi har sendt kopi av dette brevet med vedlegg til dei saka vedkjem, jf. vedlagt adresseliste.



Med helsing

Sissel Storebø  
seksjonsleiar

Einar Nesse Johnsen  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

1 Forureiningsløyve - Mjølsvik - Høyanger - Osland Havbruk AS

Kopi til:

Troland Lakseoppdrett AS	Troland 35	5384	TORANGSVÅG
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Høyanger kommune	Postboks 159	6991	HØYANGER
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM

**Mottakerliste:**

<b>Osland Havbruk AS</b>	<b>Sørsidevegen 2966</b>	<b>5962</b>	<b>BJORDAL</b>
<b>Vestland fylkeskommune</b>	<b>Postboks 7900</b>	<b>5020</b>	<b>BERGEN</b>





## Løyve etter forureiningslova for produksjon av matfisk på lokaliteten Mjølsvik – Osland Havbruk AS

Fylkesmannen gjev Osland Havbruk AS løyve med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16. Løyvet er gjeve på grunnlag av opplysningar i søknad av 31.01.2020 og opplysningar som kom fram under handsaminga av søknaden.

Dette løyvet erstattar følgjande løyve «Løyve etter ureiningslova til Osland Havbruk AS – lok. Mjølsvik i Høyanger» datert 08.02.2012.

Dersom verksemda ønskjer endringar utover det som er opplyst i søknaden, eller under handsaminga og som kan ha miljømessig verknad, må verksemda på førehand avklare dette skriftleg med Fylkesmannen.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan fire år, skal verksemda sende ei utgreiing om omfanget til verksemda. Fylkesmannen vil då vurdere eventuelle endringar i løyvet.

### Data om verksemda

Akvakulturlokalitet <sup>1</sup>	<b>26435 Mjølsvik</b>	
Produksjonskapasitet	<b>4 680 tonn MTB matfisk av laksefisk</b>	
Kommune og fylke	Høyanger i Vestland	
Verksemd	Osland Havbruk AS	
Postadresse	Sørsidevegen 2966, 5962 Bjordal	
Org. nummer	920 002 218 (føretaksnr.)	971 830 824 (bedriftsnr.)
Bransje og NACE-kode	Akvakultur, 03.211 - Produksjon av matfisk, bløtdyr, krepsdyr og pigghuder i hav- og kystbasert akvakultur	

### Fylkesmannen sine referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Arkivkode
2020.0489.T	4638.0067.01	19/19209 – 542.1
Kartreferanse (WGS 84)	Vassførekomst (Vann-nett-ID)	Vassområde
61° 06,695' N 06° 02,538' Ø	0280020100-C Sognefjorden	Ytre Sogn

Løyve gjeve fyrste gong: 15.09.2020	Siste revisjon etter § 18 i forureiningslova: -	Dato for siste endring: -
Sissel Storebø seksjonsleiar	Einar Nesse Johnsen rådgjevar	

Løyvet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.

<sup>1</sup> Jf. Akvakulturregisteret, <https://www.fiskeridir.no/Akvakultur/Registre-og-skjema/Akvakulturregisteret>

**Endringslogg**

Endringsnr.	Endringsdato	Punkt	Endringar

**Føresetnader**

Produksjonsramma i dette løyvet kan først takast i bruk frå det tidspunktet Vestland fylkeskommune har gjeve løyve etter akvakulturlova. Dersom fylkeskommunen sitt vedtak gjev løyve til ei lågare produksjonsramme enn det som løyvet etter forureiningslova tillèt, er det produksjonsramma i fylkeskommunen sitt vedtak som er gjeldande avgrensing.

Dersom løyve etter akvakulturlova på eit seinare tidspunkt fell bort, vil heller ikkje løyvet etter forureiningslova gjelde lenger.

Løyvet gjeld berre saman med dei vilkåra som er gitt i dette dokumentet. Verksemda må rette seg etter alle vilkåra i løyvet, desse er særskilde juridiske krav til verksemda. Utfyllande kommentarar til enkelte av vilkåra står i oversendingsbrevet, og dokumenta må lesast i samanheng med kvarandre.

## 1. Ramma for løyvet

Løyvet gjeld forureining frå akvakulturproduksjon av matfisk (laksefisk) i sjø på lokaliteten Mjølsnes i Høyanger kommune. Løyvet gjeld også for aktivitet på eventuell landbase knytt til denne produksjonen.

Løyvet gjeld for ein maksimal tillaten biomasse (MTB) av matfisk (laksefisk) på inntil 4 680 tonn på lokaliteten. Løyvet er basert på søknad som oppgir 4 500 tonn planlagd årleg produksjon med forventa årleg fôrforbruk på 5 200 tonn.

Ved eventuell samlokalisering av fleire løyve/aktørar på lokaliteten er den totale lokalitetsbiomassen avgrensa til 4680 tonn MTB av laksefisk og uavhengig av innbyrdes fordeling av produksjonen på fleire ansvarlege.

## 2. Generelle vilkår

### 2.1 Avgrensing av utslepp

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er vurderte å ha størst effekt på miljøet, er uttrykkeleg omtalte eller regulerte i vilkåra i dette løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er også omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp vart lagde fram i samband med sakshandsaminga, eller må reknast å ha vore kjende på annan måte då dette løyvet vart vedteke. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte miljøgifter oppført i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre tillate dersom det går tydeleg fram av vilkåra i løyvet.

### 2.2 Plikt til å halde utsleppsgrenser

Verksemda pliktar til kvar tid å halde seg innanfor den produksjonsavgrensinga (MTB) som ligg i løyvet.

### 2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som råd

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfallshandtering, er isolert sett uønskt. Verksemda pliktar å nytte best tilgjengeleg teknologi (BAT) og redusere all forureining, medrekna støy, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader<sup>2</sup>.

For produksjonsprosessar der utsleppa er proporsjonale med produksjonsmengd, skal ein eventuell reduksjon av produksjonsnivået i høve til det som er lagt til grunn for løyvet, føre til ein tilsvarande reduksjon i utsleppa.

### 2.4 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda syte for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan verke inn på utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumentert.

---

<sup>2</sup> Jf. [forureiningslova § 2](#), som gir generelle retningslinjer for å verne det ytre miljøet mot forureining.

## 2.5 Plikt til tiltak ved auka forureiningsfare

Dersom det som følgje av unormale driftstilhøve eller av andre grunnar oppstår fare for auka forureining, pliktar verksemda å setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig, må verksemda innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogeleg informere Fylkesmannen om unormale tilhøve som har eller kan få forureiningsmessige følgjer. Akutt forureining skal i tillegg varslast i samsvar med punkt 10.4.

## 2.6 Internkontroll

Verksemda pliktar å etablere internkontroll for drifta si i samsvar med gjeldande forskrift<sup>3</sup>. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda held krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrolllova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda pliktar å alltid ha oversikt over alt som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risikoen for forureining. Plikt til å gjennomføre risikoanalyse med omsyn til *akutt* forureining følgjer av punkt 10.1.

## 2.7 Tiltak for å sikre mot viltskade

Naturmangfaldlova og viltlova set krav om at vi skal ta vare på viltet og leveområda deira for å sikre produktiviteten og rikdommen av artar i naturen. Verksemda pliktar å setje i verk førebyggjande tiltak som vernar om både anlegg og vilt.

# 3 Utslepp til vatn

## 3.1 Utsleppsavgrensingar

### 3.1.1 Organisk belastning

Fôrspill skal reduserast mest mogleg.

Utslepp av fôr og fekaliar frå anlegget skal ikkje føre til at organisk materiale vert akkumulert i sedimentet i overgangssona over tid.

Dersom overvaking etter NS 9410:2016 (jf. løyvet punkt 12.1), viser at tilstanden for blautbotnfaunaen i ytterkanten av overgangssona (prøvestasjon C<sub>2</sub>) er dårlegare enn "god" eller tilstanden inne i overgangssona (gjennomsnitt for prøvestasjon C<sub>3</sub>-C<sub>n</sub>) er dårlegare enn "moderat", og utslepp frå anlegget medverkar til dette, skal verksemda gjennomføre tiltak for å betre tilstanden. Ein tiltaksplan skal sendast til Fylkesmannen.

Strandsona i nærleiken til anlegget skal ikkje vere synleg påverka av forureining frå verksemda.

### 3.1.2 Utslepp av kjemikal, medrekna legemiddel

Utslepp av kopar og prioriterte miljøgifter som t.d. kadmium, kvikksølv, PCB og PBDE i fôrspill og fekaliar er tillate, men det skal reduserast mest mogleg i tråd med vilkår i pkt. 3.1.1 og pkt. 6. Slike utslepp er likevel berre tillatne dersom fôret kjem frå fôrleverandørar som er registrerte og/eller

---

<sup>3</sup> [Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter \(internkontrollforskrifta\) av 06.12.1996, nr. 1127.](#)

godkjende etter Mattilsynet sitt regelverk. Fylkesmannen kan på bakgrunn av ny kunnskap fastsette ei meir presis og eventuell også strengare regulering.

Utslepp av legemiddel er tillate dersom legemiddelet er rekvirert av autorisert veterinær eller fiskehelsebiolog, og nytta slik som føreskrive. Slike utslepp er tillatne ved lokaliteten uavhengig av om utsleppet skjer frå merd eller frå brønnbåt.

Nøter som er behandla med miljøfarlege kjemikal (inkludert kopar), skal ikkje vaskast eller reimpregnerast på lokaliteten. Grovreingjering av nøter i form av spyling kan tillatast så lenge oppdrettar kan dokumentere med prøvetaking at det ikkje skjer ei oppsamling av kjemikal (kopar og sink) under anlegget som gir ulempe eller skade på miljøet. Blir det nytta koparimpregnerte nøter, skal det samstundes med neste MOM B-gransking på maksimal belastning takast målingar av kopar i sediment med minimum 5 prøvar langs den ytre merdkanten rundt anlegget, jf. punkt 12.4 i løyvet.

### **3.2 Diffuse utslepp**

Diffuse utslepp frå landbasen, for eksempel avrenning frå lagerområde og område for lossing/lasting, som kan medføre skade eller ulempe for miljøet, skal avgrensast mest mogleg. Avrenning av overflatevatn frå verksemda sine uteareal skal handterast slik at det ikkje kan føre til skade eller ulempe for miljøet.

## **4 Utslepp til luft**

### **4.1 Lukt**

Fôrlagring, daudfiskhandtering, spyling, reingjering og tørking av nøter, tauverk og anna utstyr, handtering av avfall og andre aktivitetar ved anlegget og landbasen, skal gå føre seg på ein slik måte at det ikkje fører til nemnande luktulempar for naboar eller andre.

## **5 Grunnforureining og forureina sediment**

Aktivitetar ved landbasen skal vere innretta slik at det ikkje finn stad utslepp til sjø, grunn eller grunnvatn som kan føre til nemneverdig skade eller ulempe for miljøet.

Verksemda pliktar å gjennomføre førebyggjande tiltak for å hindre utslepp til resipient. Verksemda pliktar vidare å gjennomføre tiltak som er eigna til å avgrense miljøverknader av eit eventuelt utslepp. Utstyr og tiltak som skal forhindre utslepp og avgrense miljøverknader av slike utslepp skal overvakast og vedlikehaldas regelmessig. Plikta etter dette avsnittet gjeld tiltak som står i eit rimeleg forhold til dei skadar og ulemper som skal unngåast.

Verksemda skal til ei kvar tid ha oversikt over eventuell eksisterande forureina grunn på verksemda sitt område på land, og eventuell forureina sediment i sjøområda ved lokaliteten. Dette omfattar også å ha oversikt over faren for spreining, og vurdere behov for undersøkingar eller tiltak. Dersom det er grunn til å tru at undersøkingar eller andre tiltak er nødvendig, skal Fylkesmannen varslast om dette.

Terrenginngrep som kan medføre fare for spreining av forureining i grunnen, må ha godkjent tiltaksplan etter forureiningsforskrifta kapittel 24, eventuelt løyve etter forureiningslova.

Tiltak i forureina sediment må ha løyve etter forureiningslova eller forureiningsforskrifta kapittel 22.

---

<sup>4</sup> Jf. forureiningsforskriftens kapittel 2 om opprydning i forurenset grunn ved bygge- og gravearbeider

## **6 Vurderingar ved bruk av kjemikal, medrekna legemiddel**

### **6.1 Substitusjon av helse- og miljøfarlege kjemikal**

Vilkåra i dette punktet gjeld når verksemda nyttar kjemiske stoff og stoffblandingar, som til dømes desinfeksjonsmiddel, legemiddel, ensileringskjemikal, groehindrande middel, vaskemiddel, hydraulikkvæsker og brannsløkkingsmiddel.

For kjemikal som vert nytta på ein slik måte at det kan medføre fare for forureining, skal verksemda dokumentere at det er gjennomført ei vurdering av helse- og miljøegenskapane til kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også punkt 2.6 om internkontroll.

Verksemda pliktar å etablere eit system som dokumenterer dykkar vurderingar og konklusjonar om helse- og miljøskadelege kjemikal kan skiftast ut med mindre skadelege kjemikal (substitusjon). Det skal gjerast jamlege vurderingar av faren for skadelege effektar på helse og miljø som kan skuldast dei kjemikala som vert nytta, og av om alternative kjemikal eller metodar finst. Skadelege effektar knytt til bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der det finst mindre skadelege alternativ, pliktar verksemda å nytte desse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe. Verksemda pliktar å vurdere om den kan nytte førebyggjande alternative metodar som ikkje krev vurdering av veterinær eller fiskehelsebiolog for å redusere utslepp av legemiddel.

Der veterinær eller fiskehelsebiolog har føreskrive bruk av eit legemiddel, pliktar ikkje verksemda å vurdere om det finst andre legemiddel som medfører mindre risiko for miljøforstyrring.

### **6.2 Informasjon til fiskehelsepersonell som tar på seg oppdrag på lokaliteten**

Dersom fisken skal behandlast med legemiddel på lokaliteten, skal verksemda informere veterinær eller fiskehelsebiolog som føreskriv legemiddelet om forhold som har noko å seie for effektane av utslepp frå legemiddelbehandlninga, medrekna omtale av artar og naturtypar ved lokaliteten som kan verte negativt påverka av utslepp, og lokale forhold (inkl. djupne og straum) som har noko å seie for spreidinga av utsleppet.

### **6.3 Akkumulering av kjemikal i sedimenta**

Utslepp frå akvakulturanlegg skal ikkje føre til at kjemikal, inkludert legemiddel, over tid vert akkumulerte i sedimenta i mengder som overstig miljøkvalitetsstandardar for sediment fastsett i eller i medhald av vassforskrifta. Viser miljøundersøkingar at slike miljøkvalitetsstandardar vert overstigne skal verksemda sette i verk tiltak for å redusere utsleppa.

## **7. Støy og lys**

### **7.1 Støy**

Verksemda skal utforme og drive anlegget slik at det ikkje oppstår urimelege støyplager for omgjevnadene. Aktivitetar som medfører fare for støy, bør i størst mogleg grad gjennomførast innanfor vanleg arbeidstid frå måndag til fredag kl. 7–16.

Verksemda sitt bidrag til utandørs støy ved omkringliggande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar, rekna ut som fritt feltsverdi ved den mest støyutsette fasaden, skal ikkje overstige følgjande grenser rekna som innfallande lydtryknivå ved mest støyutsette fasade.

Dag (kl. 07-19)	Kveld (kl. 19-23)	Laurdag (kl. 07-23)	Søn-/heilagdag (kl. 07-23)	Natt (kl. 23-07)	Natt (kl. 23-07)
$L_{pAekv12h}$	$L_{pAekv4h}$	$L_{pAekv16h}$	$L_{pAekv16h}$	$L_{pAekv8h}$	$L_{AFmax}$
55 dB(A)	50 dB(A)	50 dB(A)	50 dB(A)	45 dB(A)	60 dB(A)

$L_{pAeqT}$  er A-vegd gjennomsnittsnivå (dBA) midla over driftstid midlingstida er oppgitt i tal timar.

$L_{AFmax}$  som er gjennomsnittleg A-vegd maksimalnivå for dei 5-10 mest støyande hendingane i perioden med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Verksemda skal halde seg innanfor alle støygrenser alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå anlegget, medrekna intern transport på ved anlegget og landbasen samt lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå bygg- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport av dei tilsette i verksemda, er ikkje omfatta av grensene.

## 7.2 Lys

Lys som vert nytta til vekstregulering skal ikkje vere direkte synleg ved busetnad, fritidshus o.l.

Ved aktivitet ved anlegget (fôrflåte og merdanlegg) på kveld og natt, må bruk av lys planleggjast slik at det vert minst mogleg til ulempe for naboar eller andre.

## 8. Energi

Verksemda skal ha eit system for energileiing i verksemda for kontinuerleg, systematisk og målretta vurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå ein mest mogeleg energieffektiv produksjon og drift. Systemet for energileiing skal inngå i internkontrollen til verksemda, jf. vilkår 2.6. og følge prinsippa og metodane gitt i norsk standard for energileiing.

## 9. Avfall

### 9.1 Generelle krav

Verksemda pliktar, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper, å unngå at verksemda fører til at det blir danna avfall. Særleg skal verksemda avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet mest mogleg.

Verksemda pliktar å syte for at all handtering av avfall, inkludert farleg avfall<sup>5</sup>, skjer i samsvar med gjeldande reglar for dette, fastsett i eller i medhald av forureiningslova og avfallsforskrifta<sup>6</sup>.

Avfall som oppstår i verksemda, skal verksemda søkje å få gjenbrukt i eigen produksjon eller i produksjonen til andre verksemder, eller – for avfall som kan brennast – søkje å utnytte det til energiproduksjon internt/eksternt. Slik utnytting må likevel vere i samsvar med gjeldande reglar fastsette i eller med heimel i forureiningslova og krav som er fastsette i dette løyvet.

Verksemda skal redusere risiko for marin forsøpling mest mogleg. All aktivitet og produksjonsutstyr skal risikovurderast med omsyn til mikroplast og plastforsøpling. Basert på risikovurderinga skal oppdrettar utarbeide tiltaksplanar og rutinar som skal redusere dette.

<sup>5</sup> Farleg avfall er avfall som ikkje kan handsamast saman med anna avfall fordi det har eigenskapar som kan medføre forureining eller vere farleg for menneske eller dyr.

<sup>6</sup> [Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall av 01.06.2004, nr. 930](#)

Alt avfall som ikkje skal nyttast, skal leverast til lovleg avfallsanlegg<sup>7</sup>.

## 9.2 Handtering av farleg avfall

### 9.2.1 Lagring

Farleg avfall skal lagrast under tak og på fast dekke med oppsamling av eventuell avrenning. Anna lagringsmåte kan nyttast dersom verksemda kan dokumentere at den valde lagringsmåten gir minst like godt vern for miljøet. Lagra farleg avfall skal vere merka slik at det er tydeleg kva som er lagra. Lagerområdet skal vere utilgjengeleg for uvedkomande.

Farleg avfall skal ikkje lagrast lenger enn 12 månadar<sup>8</sup>.

Kasserte nøter som inneheld meir enn 0,25 prosent koparimpregnering (Cu<sub>2</sub>O)<sup>9</sup>, reknast m.a. som farleg avfall.

## 9.3. Handtering av produksjonsavfall og slam

Daud fisk, avskjer og blodvatn skal samlast opp og konserverast omgåande. Ensilasjetankar skal ha tilstrekkeleg kapasitet og vere forsvarleg sikra mot utslepp til miljøet. Ensilasjetankar på land skal vidare ha ei oppsamlingsordning som minst rommar volumet i tanken. Verksemda skal ha beredskap til å kunne handtere massiv fiskedød.

## 9.4 Mikroplast

Verksemda skal ha tiltaksplanar for å redusere utslepp av mikroplast. Dette gjeld alt plastbasert produksjonsutstyr frå fôrslangar til nøter og tauverk.

# 10. Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining

## 10.1 Miljørisikoanalyse

Verksemda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av verksemda si, og vurdere resultata med tanke på akseptabel miljørisiko. Verksemda skal kartleggje moglege kjelder til akutt forureining av vatn, grunn og luft. Verksemda skal dokumentere miljørisikoanalysen og han skal omfatte alle tilhøve ved verksemda som kan føre til akutt forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på eller utanfor området til verksemda. Om produksjonstilhøva blir modifiserte og endra, skal verksemda oppdatere miljørisikoanalysen.

Verksemda skal ha oversikt over miljøressursar som kan bli råka av akutt forureining og dei helse- og miljøkonsekvensane slik forureining kan føre til.

Risikoanalysen skal innehalde ein dokumentert omtale av resipienten, inkludert sårbare naturtypar og artar som kan blir påverka av forureining frå verksemda.

---

<sup>7</sup> [Forureiningslova § 32](#)

<sup>8</sup> Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) [§ 11-8](#)

<sup>9</sup> Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) [§ 11-2 fjerde ledd, jf. vedlegg 2 nr. 1](#)



## 10.2 Førebyggjande tiltak

På grunnlag av miljørisikoanalysen skal verksemda setje i verk risikoreduserande tiltak. Verksemda skal vurdere tiltak med tanke på å redusere sannsyn og konsekvensar. Verksemda skal ha eit oppdatert skriftleg oversyn over dei førebyggjande tiltaka.

## 10.3 Etablering av beredskap

Verksemda skal, på bakgrunn av miljørisikoanalysen og dei risikoreduserande tiltaka som er sette i verk, om naudsynt, etablere og vedlikehalde ein beredskap mot akutt forureining. Beredskapen skal vere tilpassa den miljørisikoen som verksemda til ei kvar tid representerer.

## 10.4 Varsling om akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med gjeldande forskrift<sup>10</sup>. Verksemda skal også så snart som mogeleg varsle Fylkesmannen gjennom [fmvlpost@fylkesmannen.no](mailto:fmvlpost@fylkesmannen.no) i slike tilfelle.

# 11. Utsleppskontroll og journalføring

## 11.1 Utsleppskontroll

Verksemda pliktar å systematisk kartleggje eige utslepp til vatn.

Verksemda skal ha eit program for utsleppskontroll som inngår i verksemda si dokumenterte internkontroll. Programmet skal innehalde ei utgreiing av verksemda sine faktiske utslepp til vatn, med oversyn over alle utsleppstraumar, volum (så langt som råd er) og innhald. Programmet skal og innehalde ei utgreiing av korleis verksemda reknar ut sine utslepp.

Programmet for utsleppskontroll skal til ein kvar tid vere oppdatert.

## 11.2 Journalføring

Følgjande punkt skal journalførast:

- årleg produksjon (fisk)
- årleg svinn (daudfisk, tap av fisk)
- årleg fôrforbruk og fôrtype
- impregnering av not (tidspunkt, namn på virkestoff)
- grovreingjering av not (tidspunkt, spyling i sjø eller på land)
- årleg forbruk av legemiddel og andre miljøfarlege kjemikal (mengde, namn på virkestoff)
- naboklager på lukt, lys og støy (tidspunkt, kva det vert klaga på)

Journalen skal oppbevarast i fem år.

# 12 Overvaking av resipient og rapportering til Fylkesmannen

Verksemda skal syte for overvaking av moglege miljøeffektar av verksemda. Overvakinga skal minimum omfatte granskingane som er spesifiserte nedanfor. Verksemda skal vurdere om desse miljøgranskingane dekker miljøpåverknaden eller om det er trong for andre miljøgranskingar i

---

<sup>10</sup> [Forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning av 09.07.1992, nr. 1269](#)

tillegg. Utslepp frå legemiddelbehandlingar ved anlegget og innhald av framandstoff i fôret skal inngå i denne vurderinga.

Verksemda må sjølv sette i verk tilleggsgranskingar ved mistanke om at dei pålagde miljøgranskingane ikkje fangar opp den reelle påverknaden på miljøet.

### **12.1 Krav til gransking av organisk belastning**

Verksemda skal sørge for at trendbaserte C-granskingar i samsvar med Norsk Standard NS9410:2016 blir gjennomførte. Granskingane skal gjerast av eit uavhengig, akkreditert organ som er akkreditert for følgjande metodar: P3003 prøvetaking botnsediment, P12 kjemiske analysar, P21 Taksonomi og P32 faglege vurderingar og fortolkingar.

Resultatet av C-granskinga skal dokumenterast i rapport i samsvar med NS9410:2016. Rapporten skal mellom anna innehalde ei fagleg vurdering av miljøpåverknad frå anlegget og tilrådde utbetrande tiltak.

Viss ei C-gransking syner at den økologiske tilstanden i C2 er dårlegare enn god eller at den økologiske tilstanden i C3, C4 osv. er dårlegare enn moderat, skal verksemda gjennomføre tilleggsgransking etter nærare avklaring med fylkesmannen i samsvar med NS 9410 (jf. pkt 8.6.3 i standarden).

Dersom det ikkje er mogleg å få eigna prøver frå overgangen mellom anleggssona og overgangssona, kalt stasjonen C1 i NS 9410:2016, skal alle prøvestasjonar fordelast i overgangssona, og nemnast som C2, C3, C4 osv., i samsvar med føringane i standarden.

### **12.2 Strandsonegransking**

Verksemda skal syte for at det årleg blir gjennomført ei synfaring av utsett strandsone for å avdekke om ho er synleg påverka av avfall eller forureining frå anlegget. All miljøpåverknad som kan tilskrivast verksemda skal dokumenterast med tekst og bilete.

### **12.3 Makroalgegransking**

Det er ikkje sett krav til makroalgegransking i løyvet.

### **12.4 Kopargransking**

Det skal takast målingar av kopar i alle stasjonar i C-granskinga.

Blir det nytta koparimpregnerte nøter, skal det samstundes med neste B-gransking på maksimal belastning takast målingar av kopar i sediment med minimum 5 prøver langs merdkanten rundt anlegget.

Dersom det som ledd i C-granskinga er målt kopar i sediment og desse overstig miljøkvalitetsstandard fastsett i medhald av vassforkrifta, skal verksemda kartlegge utbreiinga av koparforureininga og kva miljørisiko denne inneber. Granskinga av utbreiinga skal gjerast av uavhengig og kompetent organ.

Ein plan for granskinga skal sendast inn til Fylkesmannen for vurdering seinast innan 4 månader etter C-granskinga er rapportert.

## 12.5 Hydrografimålingar

Det er ikkje sett krav til overvaking med hydrografimålingar i løyvet.

## 12.6 Rapportering til Fylkesmannen og registrering i Vannmiljø

Resultatet av miljøgranskingar som blir gjennomførte etter punkt 12 og 13 der NS9410:2016 er nytta skal sendast fortløpande til Fylkesmannen via Altinn. Andre rapportar blir å sende til Fylkesmannen i Vestland. Rapportane skal innehalde resultat og ei fagleg vurdering av resultat.

Resultat frå granskingane som blir gjennomførte etter punkt 12 som inneheld klassifiseringsdata i tråd med Miljødirektoratet sin rettleiar nr 2-2018, skal også fortløpande registrerast i databasen Vannmiljø<sup>11</sup>. Data skal sendast på Vannmiljø sitt importformat, som er å finne på [www.vannmiljokoder.miljodirektoratet.no](http://www.vannmiljokoder.miljodirektoratet.no). Her finn ein og oversikt over kva informasjon som skal registrerast i tråd med Vannmiljø sitt kodeverk.

## 13 Granskingar og utgreiingar

Verksemnda pliktar å gjennomføre meir omfattande granskingar dersom Fylkesmannen finn dette naudsynt for å kartlegge anlegget sin påverknad på resipienten jf. forureiningslova § 51. Verksemnda kan og bli pålagt å betale ein høvesvis del av kostnadene ved ei felles resipientgransking saman med andre verksemder med utslepp til vassførekomsten eller resipienten.

### 13.1 Utarbeiding av støysonekart

Det er ikkje sett krav til utarbeiding av støysonekart i løyvet.

## 14. Utskifting av utstyr

Ved utskifting av utstyr må det nye utstyret tilfredsstille krava om bruk av beste tilgjengelege teknikkar med sikte på å motverke forureining.

Dersom det skal gjerast utskifting av utstyr i verksemnda som kan være av vesentleg konsekvens for verksemnda sine utslepp, skal verksemnda gje melding til Fylkesmannen om dette i god tid før det blir tatt avgjerd om val av utstyr.

## 15. Eigarskifte

Dersom verksemnda blir overdregen til ny eigar, skal verksemnda sende melding til Fylkesmannen så snart som mogleg og seinast éin månad etter eigarskiftet.

## 16. Nedlegging

Viss anlegget blir nedlagt eller verksemnda stansar for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren til ei kvar tid gjere det som trengst for å motverke fare for forureining. Viss anlegget eller verksemnda

---

<sup>11</sup> Vannmyndighetenes fagsystem for registrering og analyse av tilstanden i vatn:  
<http://vannmiljo.miljodirektoratet.no/>

kan føre til forureining etter nedlegginga eller driftsstansen, skal verksemda på førehand og i rimeleg tid gi melding til Fylkesmannen.

Fylkesmannen kan fastsette nærare krav til tiltak som er naudsynte for å motverke forureining. Fylkesmannen kan pålegge eigaren eller brukaren å stille garanti for dekning av framtidige utgifter og moglege erstatningsansvar.

Ved nedlegging eller stans skal verksemda syte for at råvarer, inkludert fiskefôr, kjemikal og legemiddel, produksjonsutstyr og avfall, inkludert ensilasje og daud fisk, blir teke hand om på forsvarleg måte, under dette at farleg avfall blir handtert i samsvar med gjeldande forskrift<sup>12</sup>. Dei tiltaka som blir sette i verk ved slike høve, skal rapporterast til Fylkesmannen innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal og innehalde dokumentasjon av disponeringa av kjemikalierestar og ubrukte kjemikal og namn på eventuell(e) kjøpar(ar).

Ved nedlegging av ei verksemd, skal den ansvarlege syte for at driftsstaden igjen blir sett i miljømessig tilfredsstillande stand.

Dersom verksemda ønskjer å starte på nytt, skal verksemda gje melding til Fylkesmannen i god tid før start er planlagt.

## 17. Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for forureiningsmyndigheita eller dei som denne gjev mynde til, føre tilsyn med verksemda til ei kvar tid.

---

<sup>12</sup> [Avfallsforskrifta kapittel 11](#) om farleg avfall

## VEDLEGG 1

### Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1.

Utslepp av disse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går uttrykkeleg fram av vilkåra i punkt 3 og punkta etter.

#### Metall og metallsambindingar:

	Forkortingar
<b>Arsen</b> og arsensambindingar	As og As-sambindingar
<b>Bly</b> og blysambindingar	Pb og Pb-sambindingar
<b>Kadmium</b> og kadmiumsambindingar	Cd og Cd-sambindingar
<b>Krom</b> og kromsambindingar	Cr og Cr-sambindingar
<b>Kvikksølv</b> og kvikksølvambindingar	Hg og Hg-sambindingar

#### Organiske sambindingar:

Bromerte flammehemmarar	Vanlege forkortingar
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4'-isopropyliden difenol)	TBBPA

#### Klorerte organiske sambindingar

Dekloran pluss (syn og anti isomere former)	DP (syn-DP, anti DP)
1,2-Dikloreten	EDC
Klorerte dioksiner og furaner	Dioksiner, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjedete klorparafiner C <sub>10</sub> -C <sub>13</sub> (kloralkaner C <sub>10</sub> -C <sub>13</sub> )	SCCP
Mellomkjedete klorparafiner C <sub>14</sub> -C <sub>17</sub> (kloralkaner C <sub>14</sub> -C <sub>17</sub> )	MCCP
Klorerte alkylbenzener	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyler	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloreten	TRI
Trikloran (2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyleter)	TCS
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP

#### Einskilde tensid

Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC

#### Nitromusksambindingar

Muskxylen	
-----------	--

#### Alkylfenoler og alkylfenoletoksylder

Nonylfenol og nonylfenoletoksylder	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksylder	OF, OP, OFE, OPE
4-heptylfenoler (forgrenet og rettkjedet)	4-HPbl
4-tert-pentylfenol	4-t-PP
4-tert-butylfenol	4-t-BP

Dodecylfenol m. isomerer	DDP
2,4,6 tri-tert-butylfenol	TTB-fenol

### Per- og polyfluorerte alkylsambindingar (PFAS)

Perfluoroktansulfonat (PFOS) og sambindingar som inneheld PFOS	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS) og sambindingar som inneheld PFHxS	PFHxS, PFHxS-relaterte sambindingar
Perfluorobutansulfonsyre (PFBS), inkl. salter av PFBS og relaterte sambindingar	PFBS, PFBS-relaterte forbindelser
Perfluoroktansyre	PFOA
Langkjeda perfluorerte karboksylsyrer C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDODA, PFTrDA, PFTeDA

### Tinnorganiske sambindingar

Tributyltinnsambindingar	TBT
Trifenyltinnsambindingar	TFT, TPT
Dibutyltinnsambindingar	DBT
Dioktyltinnsambindingar	DOT

### Polysykliske aromatiske hydrokarboner

PAH

### Ftalater

Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Benzylbutylftalat	BBP
Dibutylftalat	DBP
Diisobutylftalat	DIBP

### Bisfenol A

BPA

### Siloksaner

Dodekametylsykloheksasiloksan	D6
Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyklotetrasiloksan	D4

### Benzotriazolbaserte UV-filtre

2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol	UV-350